



Notat

Dato: 26.02.2014
Arkivsak: 2014/12415-2
Saksbehandlar: maraskv

Til: Kultur- og ressursutvalet

Frå: Fylkesdirektør kultur og idrett

I møte 17.09.2013 vedtok Kultur- og ressursutvalet, i sak 89/13, retningslinene for Kulturkortpotten/Tilskott for å stø opp under ordninga med kulturkort. I same sak vart det opplyst om at søknadsfristane til tilskotsordninga skal vere 1.mars og 15.september årleg.

23.november 2013 arrangerte Hordaland fylkeskommune eit ungdomsmøte om kulturkortet på KODE 1, med ein påfølgjande dag med workshop (29.11.13) i regi av Norsk Publikumsutvikling for samarbeidspartnarane til kulturkortet.

28.mars inviterer Hordaland fylkeskommune til ny workshop, i samarbeid med Norsk Publikumsutvikling, som vil ha fokus på å fortsette arbeidet frå førre workshop og vegen vidare. For samarbeidspartnarane vil det vere aktuelt å søkje om midlar til tiltak/aktivitetar gjennom «Kulturkortpotten». Det er derfor tenleg at søknadsfrist til denne tilskotsordninga vert utsett frå 1.mars til 15.april for våren 2014.